



Her er Uskedal-laget med unntak av Katrine Røssland. Det består av Karoline Amundsen, Kari Bråtun, Anne Marthe Zimmer, Marte Dagestad, Marit-Inga Sture, Victoria Eik, Amalie Røstbø, Rebecca Hauge og Maren Bjørnebøle. (Foto: Kjersti Rød Bråtun)

### Husnes Cup i helga samla 400 unge fotballspelarar og eit jentelag frå Uskedalen gjorde ein flott innsats.

- Dei var så flinke og samspelte at det var ein fryd, seier dei som såg J 12-laget i aksjon. Dei hevda seg fint i pulja si sjølv om det var gode motstandarar der.

Laurdag tok dei tre strake singlar, då slo dei Austrheim med 3-1, Rong frå Øygarden med heile 8-1 og Stord med 3-0.

Fullt så bra gjekk det ikkje søndag, då dei tapa 4-2 for Trio 2 og spela uavgjort 3-3 mot Åkra. Det er Gørill S. Eik og Svein O. Bråtun som er trenarar for dette laget og Gørill var i aksjon i helga.